



Kvantitetsmotsetnad i endestaving i nordisk

Eldar Heide¹ og Joakim Vea

¹Høgskulen på Vestlandet

I denne artikkelen samlar vi dokumentasjon av kvantitetsmotsetnad i vokalar i utlyd, i det som vanlegvis blir kalla trykklett staving, som i /²tanga/ : /²tanga:/ (<*tangar*, *tanganum*). Dette finst i Setesdal i dag, og for få generasjonar sidan fanst det òg i delar av Vest-Telemark og i eit stort område i Midt-Sverige. Dette styrker, argumenterer vi for, Larsens teori om at hokjønnssendingar med diftong og runda vokal i bunden form ([au], [ei], [eⁱ], [ou], [u], [o], av *-an*, *-on* /*-un*-, *-in*), kjem av lang vokal, forlengd i samband med nasaleringa og bortfallet av *-n* i slike bøyingsformer. I samband med dette drøftar vi òg rekkefølga på nasalering, *n*-bortfall og den trulege forlenginga i mellommorsk tid. Ulikt tidlegare forskarar føreslår vi ikkje vokalforlenging i staden for nasalering, men begge delar. Nasalering gjer vokalar lengre, så nasaleringa som kom før og under *n*-bortfallet, ville gjort vokalane lengre. Samtidig kan *n*-bortfallet ha strekt seg over lang tid.

Nøkkelord: vokal, trykk, hokjønn, forlenging, nasalering, dialekt, språkhistorie

1 Innleiing

«[I] utlyd har det [i norsk] aldri vore nokon kontrast mellom kort og lang vokal etter urnordisk tid», seier Torp i den nye, store språkhistoria (Kristoffersen & Torp 2016, 186-87). Slikt er det få som skriv om, så det er vanskeleg å seia kva som er det rådande synet. Riad kan tolkast i same retning som Torp (Riad 1992, særleg 340, 346). Vi finn ingen ting om spørsmålet i Kristoffersen 2000 eller Kristján Árnason 2011. Vi finn heller ikkje litteratur som seier noko anna enn Torp når vi søker i det digitaliserte Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/search>). Dermed kan vi vel i alle fall seia at synet Torp formulerer, ikkje er omstridd når det gjeld det generelle.

Det blir likevel motsagt av empiri i visse målføre. Frøyset nemner i forbifarten at delar av Setesdal har «fonematisk skifte mellom lange og stutte vokalar i utlyd» (Frøyset 1971, 83), slik at t.d. /²sti:ga/ er noko anna enn /²sti:ga:/. Det siste er dativ eintal, det fyrste ubunde fleirtal av hankjønnsordet *stige*. Tradisjonelt mål i alle fall i Valle i Setesdal har dette systemet den dag i dag. Det er dokumentert at eit større område i Setesdal og Vest-Telemark hadde eit slikt system langt utpå 1900-talet, til liks med eit stort område i Midt-Sverige. Går vi attende til mellomnorsk tid, er det grunn til å tru at store delar av det atlantiske Noreg hadde det (Larsen 1915, 164).

Dette trur vi er lite kjent. Her vil vi derfor samle dokumentasjon av at Valle-systemet finst og nyleg har funnest i eit større område der i regionen og i Midt-Sverige. Slik dokumentasjon er ikkje samla tidlegare. Vidare skal vi argumentere for at denne empirien styrker Larsens teori om at hokjønnsendingar med diftong eller runda vokal i bunden form (*routei*,¹ *kònao*, *kònå*, *kòno*), kjem av at endevokalen vart forlengd i samband med bortfallet av *-n* (i gammalnorsk *róten*² og *konan*).

2 «Trykklett» kvantitetsmotsetnad i Setesdal og Vest-Telemark i vår tid

Vi set «trykklett» i hermeteikn eller skriv slikt som «...det vi normalt kallar trykklett...» fordi det er eit ope spørsmål om ein «trykklett» vokal som er lang, kan reknast som trykklett i norsk.

I det ein kallar trykklett stilling, har tradisjonell dialekt i Valle og Hylestad i Setesdal i dag, i arveord, fonemisk lang utlydsvokal m.a. i:

- bunden form eintal av svake hokjønnsord, t.d. *vise*, *jente*, *fure* (treslaget) og *kiste*,³ t.d. i (*den*) /²çista:/, og
- i dativ eintal (bunden form) av svake hankjønnsord, t.d. (frå *den*) /²tanga:/⁴ (*tange*: ‘smal odde’, ‘spissen av bladet som går inn i skaftet på ein kniv’).

1. Vi brukar lydskrift berre der det minskar faren for mistyding.

2. Norsk form, med vokalharmoni (Hagland 2013: 619-20), islandsk *rótin*. Vi gjennomfører vokalharmoni i gammalnorske ordformer.

3. <https://vallemal.no/ord/1810/>, <https://vallemal.no/ord/718/>.

4. <https://vallemal.no/ord/6034/>.

På nettstaden vallemal.no⁵ er dette konsekvent markert, med hatt over dei vokalane som er lange. Ein del av døma på bruk av orda er lesne inn i lydfler. I mange tilfelle høyrer ein ikkje klårt at vokalen er lang, fordi ordet står inneklemt i setninga (jf. Heide 2012, 111-12). Likevel har morsmålstalarane som lagar basen, i skrift markert vokalen som lang, og ofte høyrer ein det tydeleg, t.d. i dativ eintal av *tange*.⁶

Dette målet har mange minimale par der det berre er lengda på utlyds-vokalane som skil tydinga.⁷ I dei svake hankjønnsorda finn vi slike minimale par innanfor bøyinga av kvart ord. Ubunde nominativ fleirtal /²tanga/ (<*tangar*) dannar såleis minimalt par med dativ eintal (bunden form) /²tanga:/ (<*tanganum*), til liks med t.d. /²sti:ga/ og /²sti:ga:/.⁸

I andre tilfelle må ein stille ulike ord mot kvarandre for å finne minimale par. Til dømes dannar fortidsforma /²so:ga/ (infinitiv *søge*, «fylgje ein kraftig vassstraum»⁹), minimalt par med (den) /²so:ga:/ (‘forteljinga’).¹⁰ Kanskje gjeld alt som er sagt her tradisjonelt mål i Bykle kommune òg. Men der har vi, bortsett frå i bøyinga av svake hokjønnsord (sjå nedanfor), berre Målføresynopsen å stø oss til (ikkje ei nettside under oppbygging med ferske data, slik vallemål.no er). Og som vi straks skal sjå, kan det som står i Målføresynopsen no vera forelda.

Tilgrensande bygder i Telemark i tillegg til dei nemnde Setesdals-bygdene hadde tidlegare minimale par innanfor bøyinga av ei gruppe svake hokjønnsord, t.d. (ei) /²vi:ka/ – (den) /²vi:ka:/ (‘sju dagar’). Denne vekslinga hadde ein i svake hokjønnsord som i gammalnorsk var stuttstava, slik at fullvokalen vart bevart i endinga. (I Bykle var *-a* òg bevart i stuttstava infinitivar, Hannaas 1921, 22; i eldre mål i Valle òg.). Akkurat i dette området var det den gammalnorske nominativsendinga *-a* som var bevart (slik som allment i svake hokjønnsord lenger vest), i staden for den oblike endinga *-u* / *-o* (som vi finn elles i austnorsk). Så danna ein bunden form av desse orda med forlenging av *a*-en. (Også i dei gamle langstava orda, som gno. *visa* og *kanna*, har minst Valle lang *-a* i bunden form. Men der har ubunden form hatt *-e*¹¹ i svært lang tid).

5. Valle mållag står bak, og Sigurd Brokke er drivkraft, etter det vi forstår.

6. <https://vallemal.no/ord/6034/>.

7. For å utelukke at vi har misforstått opplysningane på nettsida, snakka Eldar Heide i telefon 08.12.2019 med Sigurd Brokke i vallemal.no.

8. <https://vallemal.no/ord/6034/>, <https://vallemal.no/ord/7023/>.

9. <https://vallemal.no/ord/13746/>.

10. Sigurd Brokke sanna 08.12.2019 at dette er minimale par.

11. <https://vallemal.no/>, *Målføresynopsen, Aust-Agder fylke*: 90a-93b, §37, 99a-103a.

Larsen opplyser at systemet (ei) /²vi:ka/ – (den) /²vi:ka:/ fanst i Bykle og i Mo i Telemark på slutten av 1800-talet, og nemner som dømme orda *veke*, *hake* og *gate* / *gutu* (gammalnorsk *vika* / *vik*, *haka* / *hoku*, *gata* / *gotu*). Ubunden form var /²vi:ka/, /²ho:ka/, /²go:ta/, seier han, og bunden form /²vi:ka:/, /²ho:ka:/, /²go:ta:/ (Larsen 1890-91, 247, 1897, 51, 54, Larsen 1913, 33. Norvegia-lydskrift er overført til IPA her og elles i artikkelen). Ross fører opp dette systemet frå eit større område: Mo og Skafså i Telemark og Bykle i Setesdal. Som dømme nemner han (ei) /²vi:ka/ – (den) /²vi:ka:/ (Ross 1906, 3, 17-18).

Målføresynopsen fører opp same systemet i Setesdal frå Hylestad, Valle og særleg Bykle, med dømme som (ei) /²vi:ka/ – (den) /²vi:ka:/, (ei) /²ko:na/, (den) /²ko:na:/, (ei) /²go:ta/, (den) /²go:ta:/ (*veke*, *kone*, *gate* / *gutu*) (*Målføresynopsen, Aust-Agder fylke*, § 1, s. 1a-2b; §37, s. 90a-93b).

Ross (1906, 17-18) seier òg at Lårdal, Vinje og Rauland i Telemark hadde lang *a* i bunden form, men *-u* i ubunden form i den aktuelle bøyingsklassen, altså (ei) /²vi:ku/ – (den) /²vi:ka:/. Då var det ikkje lengdemotsetnad på utlydsvokalen innanfor bøyinga av svake hokjønnsord. Utanfor den ramma, må det likevel ha vore det. Til dømes må slik motsetnad ha skilt former som (bålet) /²lo:ga/ (preteritum) og (den) /²lo:ga:/ (ei *loge* er m.a. ‘fakkell’ / ‘noko som ligg’).¹²

Ingen dialekt har lenger systemet (ei) /²vi:ka/ – (den) /²vi:ka:/. Dei dialektane som hadde det, har fått overgang *-a > -e* i ubunden form, og dei fleste har forkorta *-a-en* i bunden form. Målføresynopsen fører opp *-a* i ubunden form frå Mo / Skafså i 10-15 ord, men ikkje lang endevokal i bunden form nokon stad i Vest-Telemark (*Målføresynopsen, Vest-Telemark* 1935-78, 0-4, §2, 151-156, §37). Oppskriftene er for det meste frå 1950-talet i det aktuelle området, med to oppskrifter frå 1930-talet i Mo og éi frå Vinje hovudsokn. Valle og truleg Bykle har framleis lang *-a* i (den) /²vi:ka:/ osb., men har ikkje lenger *-a* i ubunden form.

Den vesle bøyingsklassen som enda på *-a* i ubunden form, er altså jamna ut mot den vanlegaste typen av svake hokjønnsord, som har hatt *-e* sidan mellomnorsk tid.¹³ Dette ser ut til å vera fullført på midten av 1900-talet, basert på opplysningane i Målføresynopsen, som dessverre er noko usystematiske og knappe (*Målføresynopsen, Aust-Agder fylke*, § 1, s. 1a-2b; §37, s. 90a-93b,

12. Dersom også Lårdal, Vinje og Rauland før den eldste dokumentasjonen vår hadde *-a* i ubunden form i gruppa *veke*, *kone*, osb., så var området med kvantitetsmotsetnad innanfor hokjønnsbøyinga monaleg større. Det kan tenkjast at *-a* i ubunden form her i eldre nynorsk tid vart skifta ut med *-u* under det presset austfrå som Ross er inne på (1906: 3).

13. Infinitiv kløyvd i *-a* og *-e*, som desse bygdene òg hadde, er òg erstatta med berre *-e*.

Målføresynopsen, Aust-Agder 1935-56, 0-3a). Seinast ser det ut til å ha skjedd i somme av Telemarks-bygdene. Olav Grimdal fører opp frå Skafså gjennomført *-a* i ubunden form i denne bøyingsklassen i 1937. Johan A. Schulze har rundt halvta av døma med *-a* frå Mo i 1953. (*Målføresynopsen, Vest-Telemark* 1935-78, 0-4, §2) Då Eldar Heide i telefon spurde gamle folk i Mo om dette i 2017, kjende ingen til anna enn *-e* i ubunden form.

Minimale par innafor bøyinga av svake hankjønnsord, typen /²tanga/ pl. mot /²tanga:/ dativ. sg., kan vi ikkje finne i materialet frå Vest-Telemark, sidan Vest-Telemark ser ut til å ha vore utan dativ sidan tidleg på 1800-talet (Skulerud 1918, 7-8).

Denne bolken kan oppsummerast slik: Valle, Bykle, Hylestad, Mo, Skafså, Lårdal, Vinje og Rauland har, eller hadde for få generasjonar sidan, kvantitetsmotsetnad i det ein kallar for trykklett staving, med minimale par som (bålet) /²lo:ga/ (preteritum) og (den) /²lo:ga:/ ('fakkelen'). Store delar av området hadde slik lengdemotsetnad innanfor bøyinga av svake hokjønnsord. Tradisjonelt mål i delar av Setesdal har denne typen lengdemotsetnad den dag i dag. At det «i utlyd [...] aldri [har] vore nokon kontrast mellom kort og lang vokal etter urnordisk tid» (Kristoffersen & Torp 2016, 186-87), stemmer altså ikkje.

I tabell 1 har vi sett opp ei oversikt over områda der minimale par med lengdemotsetnad mellom *-a/* og *-a:/* er dokumenterte i moderne tid. Det gjeld ubunden og bunden form eintal i svakt hokjønn (/²vi:ka/ – /²vi:ka:/), ubunden form fleirtal og dativ eintal i sterkt hankjønn (/²tanga/ – /²tanga:/) og på tvers av ordklassar (/²lo:ga/ – /²lo:ga:/). Plussteikn viser at det finst dokumentasjon på minimale par frå områda, minusteikn viser at dokumentasjon ikkje finst.

Tabell 1. Fonemisk skil mellom trykklett */a/* og */a:/* i Setesdal og Vest-Telemark.

Minimale par	Valle	Bykle	Mo, Skafså	Lårdal, Rauland, Vinje
/ ² vi:ka/ – / ² vi:ka:/	-	+	+	-
/ ² tanga/ – / ² tanga:/	+	+	-	-
/ ² lo:ga/ – / ² lo:ga:/	+	+	+	+

Den same typen kvantitetsmotsetnad som vi har skissert frå Setesdal og Vest-Telemark, kjenner vi òg frå Västmanland, Södermanland, Närke og nordre Västergötland i Sverige, frå 1800-talet og utover på 1900-talet. Der vart endinga *-a/* i ubunden form av svake hokjønnsord forlengd i bunden form, slik at ein

hadde minimale par som /²pi:ga/, ‘tenestejente’, og /²pi:ga:/, ‘tenestejenta’ (Geijer & Holmkvist 1929, 14-16).

3 Korleis oppstod diftong og runda vokal som ending i bunde hokjønn?

3.1 Forskingshistorie

At vokalendingane i hokjønn i dialektane skil seg mykje frå gammalnordisk vokalkvalitet i *-in* / *-en*, *-un* / *-on* (vokalharmoni i norsk) og *-an*, blir oftast forklart med nasalering. Slik seier Sandøy det (1987, 207): «nasalering fører gjerne til lågare kvalitet, slik at [-i] kunne bli både til /-e/, /-æ/ og /-a/, og [-ã] kunne bli runda (og heva) til /-o/ og /-u/.» Noko av dette seier Vigeland òg (1981, 77). Liknande, men mindre klåre formuleringar, finn vi t.d. hos Christiansen (1948, 209) og Skjeggeland (1997, 131).

Andre meiner andre faktorar enn nasalering har spela ei viktig rolle, eller hovudrolla. Amund B. Larsen meinte at hokjønnsendingar med diftong, (den) *routei* (< *róten*, ‘rota’) i Setesdal og Midtre Sogn (/¹routeⁱ/), og /²veⁱsau/ i Sogn (Larsen 1926, 158-59), og runda vokal i Nordhordland, (den) /²vi: su/ (/²vi:so/), kjem av at endevokalen vart erstatningsforlengd då *n-en* i *róten* og *vísan* fall bort. Larsen resonnererte som så at sekundær diftong elles kjem av gammal lang vokal, som *tíð* > *tei* (i Sogn heller /teⁱ/) og *bátr* > *baot* (i Sogn; i Setesdal blir gammal /a:/ ikkje diftongert), samtidig som /o/ (/u/) ofte kjem av gammal lang *a*. (Larsen 1915, 163-64; 1926, 32 + sprogkart 1)

Larsen meinte ikkje at erstatningsforlengd vokal i *-an* var utgangspunktet for runda vokal *viså*, *viso*, på Vestlandet sør for Nordhordland (Voss, Hardanger, Sunnhordland, Rogaland, Indre Vest-Agder) eller på Nord-Vestlandet (Møre og Romsdal), på delar av Trøndelags-kysten og i Nord-Noreg (Helgeland, Salten).¹⁴ Her meinte han runda vokal i endinga kom av akkusativ *-una* / *-ona* (Larsen 1886, 76; 1915, 163-64). Dette såg Larsen som «især avgjort» på Voss og i Hardanger. Der heitte gammalnorsk *vísan* /²veⁱsou/, parallelt til /²mo:rou/ av *morgun*, medan gammalnorsk *undan* (preposisjon) hadde forma /²undau/, med *-an* > *-ao*, som i hokjønnsendinga i Sogn (ibid, med fotnote, jf. Larsen 1926, 428-29, Vidsteen 1885, 29).

Seip (1947, 129-30) stør Larsen i at *-en* / *-in* > diftong i Setesdal og Sogn kjem av forlengd vokal. Hesselman (1948, 234) er òg inne på at erstatningsfor-

14. I tidleg moderne tid ser det ut til at nesten heile det vestnorske og nordnorske målvaldet hadde runda vokal i slike former, jf. Christiansen 1951, 1962; Heide 2013.

lenging ved *n*-bortfall kan forklare hokjønnsendingar i Skandinavia, men meiner det ikkje er nødvendig å rekne med dette for å forklare formene vi observerer. Skjekkeland (1997, 132) seier noko liknande, om «typen ‘*bygdei* (Setesdal, Midtre Sogn)». Torp meiner derimot det «ser ut til» at måla i Setesdal og Midtre Sogn har fått «erstatningsforlenging av vokalen» i former som *bygðin* og *visan*, slik at /¹bygdei/, /¹bygdeⁱ/, og /²veⁱsau/ kjem av «*/bygdi:/ og */vi:sa:/». Dette har då skjedd «i staden for nasalering». (Kristoffersen & Torp 2016, 186-87)

På Nordmøre og i Namdalen meinte Larsen former som (den) *viså* og *viso* kunne koma av nominativ *visan*. Det var fordi *sautján*, ‘17’, på delar av Nordmøre har kome ut som /²si:çu/; dette ordet hadde jo ikkje noka gammalnorsk oblik form med *-u-* / *-o-*. Men, sa Larsen, «det fonetisk rimeligste» er at former som *viså* og *viso* i denne regionen har oppstått av nominativ *visan* «ved en kontamination med akk[usativ] *visona*» (Larsen 1886, 76). Dette meinte han i alle fall tidleg i forskargjeringa si.

Å sjå akkusativ bakom runda vokal i bunden form av svake hokjønnsord er vanleg i svensk tradisjon. Sjå t.d. Modéer (1946, 117, jf. s. 100) om slik ending i svenske dialektar. Hesselman (1948, 226-27) meinte òg, som Larsen, at (den) /²veⁱsou/ på Voss og i Hardanger, kjem av «akk[usativ] *visun(a)*». Men, motsett Larsen, meinte han at dette òg gjaldt (den) *viså* på Sunnmøre.

3.2. Våre vurderingar

I den forskingshistoria vi har presentert her, er det to spørsmål det er usemje om når det gjeld hokjønnsendingane i dialektane:

- a. Kan runda vokal eller diftong i endinga forklarast med nasalering, eller føreset slike endingar at vokalen vart forlengd i sein gammalnorsk eller mellomnorsk?
- b. Kan runda vokalending enklast forklarast av akkusativforma, eller bør vi føresetja at vokalen vart forlengd?

Når det gjeld det siste: Vi meiner Larsen argumenterer godt for at typen (den) /²veⁱsou/ på Voss og i Hardanger kjem av akkusativ (Larsen 1915, 163-64, med fotnote. Då er dette eit unntak frå tendensen til at moderne tids former i vestnorsk kjem av nominativ, medan akkusativ ofte er utgangspunktet i austnorske mål; jf. Berg 2018, 183-84.)

Samtidig er det all grunn til å tru at typen *viso* i bunden form på Helgeland kjem av *visan*. I Vefsn, der det heiter (den) *viso*, har nemleg retningsadverba

øg fått endinga *-o*, av *-an*: *åvoføre*, /²nu:ʦufør/, /²øustuvjñ/ (Riksheim 1921, 40), av *ofanfyrir*, *norðanfyrir* og *austanvindr*. Når *-n*- framleis står, er vokalen *-å*: /²nu:ʦonifro:/ < *norðanifrå*, /²o:vonece/ < *ofanefter*, (ibid). Hardanger – Voss viser altså på ingen måte at *-o* i bunde, svakt hokjønn ikkje kan koma av nominativ *-an*. Formene frå den regionen viser berre at runda ending i bunde, svakt hokjønn ikkje treng å koma av *-an*. Formene frå Vefsn peikar klårt i retning av at det *kan* gjera det. Faktisk meinte Larsen òg at runda ending i bunde, svakt hokjønn akkurat i Nordhordland kom av *-an*, med forlenging av *-a-en* (Larsen 1926, 158-59).

Før vi argumenterer for eit svar på spørsmål a., vil vi peike på at det er fleire diftongformer som treng forklaring enn granskarane har nemnt til no. Dette gjeld *-ou/* i bunde eintal av svake hokjønnsord, altså typen /²ve'sou/, /²ko:nou/. Denne forma er på linje med /²mo:rou/ av *morgon(n)* (gammalislandsk *morgun[n]*), som Larsen (1915, 163-64) nemner frå Hardanger og Voss i samband med teorien om erstatningsforlenging. Vidare gjeld det *-ou/* i dativ fleirtal (bunden form; ubunden dativ finst ikkje) i Setesdal (Ross 1909, 42), på Voss (ibid, 125), og i Sogn (Larsen 1926, 178-79, 212-15).

Desse diftongformene burde kunne forklarast på i prinsippet same måte som diftongformene som kjem av *-an* og *-en* / *-in*. Her er det som har skjedd i vossemålet:

vísuna (ikkje *vísan*, jf. ovanfor) > /²ve'sou/
vísunum > /²ve'sou/
konona > /²ko:nou/
kononom > /²ko:nou/

Her òg er det utvikla diftong i samband med bortfall av etterfølgjande nasal. Desse diftongendingane svarar til diftongen som kjem av gammalnorsk rotvokal *ó*, som i *ró f.* > /rou/ (Ross 1909, 38, 40, 122, Larsen 1926, 164-69). Diftong av gammal *ú*, er derimot slikt som /e^u/ i dei aktuelle måla (Ross 1909, 45, 122, Larsen 1926, 188-91). I prinsippet er det då *-ona/* og *-onom/* vi skal rekne med som utgangspunkt for */ou/*, via eit mellomsteg med *-o:n/-*.

Spørsmålet er om denne og andre former vi har nemnt ovanfor, kan forklarast utan å føresetja forlenging av endingsvokalen i gammal tid. Vi trur ikkje det. Av det som til no er lagt fram i artikkelen, peikar følgjande poeng i retning av at endingsvokalen i bunde hokjønn eintal vart forlengd i overgangen til nynorsk form:

- A. Fonemisk lang, forlengd vokal i bunde hokjønn /a:/ av *-an* eksisterer i Setesdal i dag, som i (den) /²vi:ka:/. For få generasjonar sidan eksisterte det i eit større område i Setesdal – Vest-Telemark, og i eit mykje større område i Midt-Sverige.
- B. Endingane /au/, /ei/, /e/, /ou/ av *-an*, *-in*, *-un* / *-on*- synest å føresetja forlengd vokal.
- C. Midt-Helgeland (Vefsn), som har typen (den) *viso*, har *-an* > *-o* i rettingsadverb. Det tyder på at *viso* òg kjem av *-an*, og det verkar det vanskeleg å få til utan forlenging av vokalen i *-an*.

At systemet (ei) /²vi:ka:/ – (den) /²vi:ka:/ har funnest i delar av Setesdal og Telemark i moderne tid, og i eit stort område i Midt-Sverige, slik vi har samla dokumentasjon for her, burde vera eit viktig argument for at diftongisk og (til dels) runda hokjønnsartikkel kjem av at vokalen vart forlengd i gammal tid. Både Larsen og Torp argumenterer som om formene med forlengd endevokal ikkje er heimla, berre hypotetiske mellomsteg som vi kan rekne oss fram til. Teorien står på fastare grunn når det hypotetiske mellomsteget er heimla.

Vi vil òg peike på at jamvel om nasalering enkelt forklarar lågning *-in* / *-en* > *-æ*, *-a* osb., så kan nasalering åleine vanskeleg forklare diftongering. I overgangar som *róten* > *routei*, /¹route/, og *visan* > /²ve'sau/, blir det lagt til eit høgt vokalelement: Kjeven gjer eit løft fram mot der nasalen var. Slik utvikling har vi ikkje klart å finne parallellar til. Tvert imot, det vi ser i målføra på nytt og på nytt, er at nasalitet dreg vokalar ned eller blokkerer heving.

Nesten allment i norsk har *ng* og *m* blokkert hevinga av /u/ til /ʉ/, i ord som *pungr* > /tʉŋ/, *ungr* > / ʉŋ/ og *dumbr* > /dʉm/, ikkje > /tʉŋ/ osb. (t.d. Larsen 1897, 37). I store delar av landet har *n* og *nd* òg gjort det, slik at *hund*, *rund* og *brun* framleis blir uttala med /u/. I tradisjonell dialekt i Øvre Telemark får hokjønnsord som *tru* og *bru*, *o* som rotvokal i bunden form, som minne om at endings-*n*-en som no er borte, drog vokalen ned i bunden form (Larsen 1890-91, 219-20). I tradisjonell selbygg heiter det slikt som *spuddu* i ubunden form og *spoddō* i bunden form (Røset 1999, 63), 'bakstetikke'. Larsen seier om setesdalsmålet at «Svage hankønsord ender på *i*, men når *n* tilføies som artikkel, sæknes det til *e*» (Larsen 1897, 65). I Telemark blir *skína* inf. til /²sçe:ne/, *sin* pron. blir /se:n/, og *minni* n. blir /²meni/ (Larsen 1915, 163). I vikkværske mål blir *ei*-diftongen tradisjonelt *æe* føre *m* og *n*, mot *æi* elles (Ross 1908, 10).

Overgangar som *ván* > *von* og *spánn* > *spon* kan sjåast som motdøme til tendensen vi peikar på. Men her er det i røynda *-ǫ́n(n)* som blir *-on* (Noreen

1923, 105), og eit viktig poeng er at vokalen i slike tilfelle både er nasal og lang, jf. neste bolk.

I mykje av området med *visan* > *viså/viso* i Rogaland og Sunnhordland finn vi òg former med runda vokal i bunden form i sterkt hokjønn, til dømes *sólen* > *solå/solo*. Desse endingane er etter alt å dømme overførde frå lint hokjønn (jf. Christiansen 1951 og 1963 og Heide 2013). Vi sluttar oss altså ikkje til at slike former er utvikla lydrett frå ei mellomform med nasalert kort *-/ã/* (jf. Bye 2011, 7–8). Kløyvd hokjønn *sole/viså* er kjent frå yttersida av Karmøy og frå Austevoll (Særheim 1998, jf. Ross 1909, 105), og det tyder på at heile området hadde dette systemet tidlegare, men at det er pressa tilbake til utkantar (jf. Bye 2011, 6).

3.3. *Typologi*

Det ser ut til at det òg er vanskeleg å forklare overgangen *-an* > runda vokal direkte av nasalering. Sampson (2000, 24) har undersøkt dette i romanske språk, og kjem fram til dette: “At all events, current evidence does not suggest any genuine correlation between nasality and lip rounding.”

Dermed ser det ut til at ingen av overgangane *-an*, *-in*, *-un* > */au/*, */ei/*, */eⁱ/*, */ou/* enkelt kan forklarast av nasalering åleine. Då ligg det nær å sjå nærare på om ikkje vokalforlenging kan forklare det vi ser. Går vi til internasjonal litteratur om nasalering, så er det ei utbreidd oppfatning at nasalering og nasalbortfall fører til vokalforlenging. Alle vokalar som er nasale etter nasalbortfall, er lange i det islandske vokalsystemet frå fyrstninga av 1100-talet som er skildra i *Fyrste grammatiske avhandling* (Hreinn Benediktsson 1972, 134–35).

Franske nasale vokalar er fonetisk lengre enn tilsvarende orale vokalar (Delattre & Monnot 1968). Sambandet mellom nasalitet og lengd er òg dokumentert i andre språk. Sampson (2000) har påvist det i romanske språk generelt, Hajek (1997) i språk kringom i verda, med nærstudium av nord-italienske dialektar.¹⁵

Det ser ut til å vera eit perseptuelt samband mellom nasalitet og lengd. Nasale vokalar er mindre tydelege enn orale vokalar, slik at dei blir uttala lengre som erstatning. Nasale vokalar blir oppfatta som lengre, og lange vokalar blir oppfatta som meir nasale (Beddor 1993, jf. Whalen & Beddor 1989).

15. Det ville vore interessant om nokon kunne målt om nasalvokalane i selbygg er lengre enn tilsvarende orale vokalar.

Dette inneber at det ikkje er grunn til å rekne med erstatningsforlenging eller nasalering, tvert imot. Forlenging som konsekvens av nasalering er ein robust tendens. Så er då òg Hajek (1997) og Sampson (2000) skeptiske til modellen med erstatningsforlenging. Dei meiner det helst er slik at vokalen blir forlengd før bortfallet av nasalen.

Anten det skjedde i eine eller andre rekkefølgja, av eine eller andre årsaka, så burde det vera rimeleg å rekne med vokalforlenging i samband med *n*-bortfallet som skapte vokaliske hokjønnsendingar.

3.4. Datering av utviklinga i norsk

Det kom ei innvending mot resonnementet då vi la fram desse tankane på Møte om norsk språk utanfor Bergen 23.11.2017: Bortfallet av kort *-n* kom så seint i mellomnorsk at diftongeringa vanskeleg kan ha kome endå seinare. «[S]å lenge det vart skrive norsk i Noreg, heldt dei på *-n* i bunden form», konstaterer Berg (2018, 184). I kjeldene er det likevel «nokre få moglege unntak» frå *n*-skrivninga», slike som «*then sama iordha* ‘den same jorda’ (DN XIV 117, Levanger 1473)» (ibid), med *iordha* for gammalnorsk *jorðin*. På grunnlag av skriftformene som manglar *-n*, meiner Berg at «dei nye endingane er komne opp i løpet av 1400-talet» (ibid).

Etter vårt skjønn kan kabalen gå opp med den rekkefølgja vi har skissert. Berg meiner diftongeringa av lang vokal skjedde mot slutten av 1400-talet, og nemner /o:/ og /ɑ:/ som døme (Berg 2018, 180). Skomedal (1971, 301) meiner diftongering av lange vokalar skjedde før 1440-talet i Setesdal. Både dette og tidspunktet for *n*-bortfallet er usikkert; data er tynne. Men det vi har, tyder på at *n*-bortfall og diftongering skjedde om lag samtidig.

Dét er rimeleg om vi ser desse fenomena i samanheng med kvalitetskløyinga av det gamle kvantitetssystemet, som kom før kvantitetsomlegginga gjorde ho fonemisk (Heide 2010, særleg s. 25-28, jf. Berg 2018, 178-79). Kvalitetskløyvninga, som skjedde i overgangsperioden frå gammalnordisk til dei seinare nordiske varietetane, gjekk ut på følgjande:

- I Sentral-Norden oppnådde ein tydeleggjering av det gamle kvantitetssystemet med å retroflektare gammal kort *l* og *n* (i eit mindre område), og let gammal lang *nn* og *ll* vera uendra. Samtidig senka ein i mange tilfelle gamle korte vokalar.
- I Rand-Norden vart det gamle kvantitetssystemet i staden tydeleggjort med at ein palataliserte eller segmenterte lang *ll* og *nn*, og let gammal *l*

og *n* vera uendra. Samtidig diftongerte ein nokre av dei gamle lange vokalanene.

I kortform: Sentral-Norden endra gamle korte, og heldt gamle lange uendra. Rand-Norden gjorde det motsette. Dette er det klåre mønsteret når vi ser Norden under eitt, jamvel om det er store overlappande grenseområde mellom Sentral-Norden og Rand-Norden, og Dalarna i Sverige følgde Rand-Norden. Det sentralnordiske bortfallet av kort *-n* i utlyd i hokjønn, med *-nn* i hankjønn ståande (men forkorta, og i store område palatalisert), kan sjå ut til å vera ein del denne voksteren. Kvalitetskløyvinga av kvantitetssystemet ser ut til å ha kome av ein tendens til å tydeleggjera det, og det skjedde absolutt når kort *-n* fall bort. Dermed er det naturleg om diftongering og *n*-bortfall skjedde om lag samtidig.

For at resonnementet vi skisserer om dei diftongiske og runda hokjønnsendingane skal gå i hop, så må forlenginga av vokalanene i hokjønnsendingane likevel ha kome *før* diftongeringa. Det kan ha skjedd på den måten at vokalanene pga. nasalering vart forlengde før *n*-bortfallet, slik Hajek (1997) og Sampson (2000) peikar på i andre språk.

Men det kan òg ha gått til på eit mellomvis: Nasaliteten i hokjønnsvokalanene etter *n*-bortfallet, i samspel med skrifttradisjonen, kan ha gjort at skrivarane utan problem heldt fram med å skrive *-n* i lang tid etter at *n*-en i regelen var borte. Dermed kan *-n* ha falle bort tidlegare enn vi ser av handskriftene. Dette føreslo Ivar Berg etter føredraget vårt på Møte om norsk språk i 2017. Samtidig kan vi rekne med ei lang overgangstid, der utlyds-*n*-en i nesten alle tilfelle var fallen bort, men vart uttala i visse posisjonar:

- i når ordet hadde ekstra trykk, eller
- ii stod føre pause, eller
- iii neste ord begynte på vokal.

Prinsipp i. og ii. regulerer infinitivsendinga i fleire dialektar kringom i Norden: I det eller det målet er endinga då svekt til *-e* eller apokope i nesten alle tilfelle, samtidig som (full)vokal står når ordet har ekstra trykk eller står føre pause (Heide 2012). Jamfør det som står om *pigā* og «ettertryck» i Geijer og Holm-kvist-sitatet nedanfor.

Prinsipp iii. er som på engelsk i dag, med *a* som normal artikkel, og *an* som unntak føre vokal. Slik er det òg i fransk, men generelt, i alle slag ord. Der er *n*-en i regelen borte frå uttalen t.d. i artikkelen *un* (med vokalen nasalert), men

han blir uttala når neste ord tek til med vokal, som i *un arbre*, 'eit tre'. Slike system treng ikkje vera flyktige. Det engelske har vara sidan slutten av 1300-talet (Hewson 1972, 17-18), det franske frå før 1300 (Pope 1934, 63-67). Slike system treng heller ikkje vera synlege i skrift: på fransk skriv dei alle *n*-ane enno. Og faktisk er utlyds-*n*-ane i prinsippet ikkje falne i det franske talemålet heller. Sjølv om dei i dei fleste tilfelle er borte, ligg dei under, og dukkar fram så snart det kjem ein vokal etter.

Til slutt i bolk 2 nemnde vi eit midtsvensk område som tradisjonelt hadde kvantitetsmotsetnad /a/ – /a:/ i svake hokjønnsord. Då Geijer og Holmkvist omtala dette i 1929, var systemet på veg ut. Dei skreiv:

Här vacklar bestämd form mellan två typer: **pigā** ock **pigo**. I synnerhet vid särskilt eftertryck uttalas bestämd form med långt, slutet **ā** [...] i ändelsen. Denna senare form är tydligen den äldsta. Den har större utbredning, i det att den även är känd från Södermanland, Närke ock norra Västergötland m. m., ock den är den enda som är belagd i de tidigast gjorda uppteckningarna. Den yngre formen med **-o** är en utveckling av den gamla formen, föranledd av en i dialekten nu pågående ljudutveckling, enligt vilken långt **a**-ljud vid förkortning övergår till ett **å**-liknande uttal (*o*). Denna yngre form vinner numera tydligen terräng på den äldres bekostnad. (Geijer & Holmkvist 1929, 14-16)

På eine sida er dette prov på at voksteren *-an* > /a:/ > *-ā* / *-o* i hokjønnsending er kurant. Slik sett stør det eitt av hovudpoenga våre. På hi sida inneber dette at ein ikkje treng å laga lange, kompliserte utgreiingar om mellomnorsk tid for å vise at slik utvikling er sannsynleg eller mogeleg, slik vi har gjort. Lang *-a* i ending kan utan vidare gå over til *-o* i sein tid.

Vi meiner summen av det vi har lagt fram her, gjer det sannsynleg at *-o* / *-ā* i bunden form av svake hokjønnsord, som i gammal tid fanst i mesteparten av det atlantiske Noreg (fotnote 11), i dei fleste distrikt kjem av *-an* via forlenging i samspel med nasalering. I det midtsvenske området kan vi observere slik vokster direkte, og *-an* > *-ån* / *-o* i retningsadverb i Vefsn kan ikkje forklarast ut frå bøyingsformer frå oblike kasus.

4 Avslutning

I denne artikkelen har vi:

- samla dokumentasjon for at kvantitetsmotsetnad i utlyd, i det som vanlegvis blir kalla trykklett staving, som i /²tanga/ : /²tanga:/ (<*tangar*, *tanganum*), i arveord finst i Setesdal i dag og tidlegare i eit større område med delar av Vest-Telemark, og i eit stort område i Midt-Sverige,
- prøvd å vise at dette styrker Larsens teori om at hokjønnsendingar med diftong og (berre i visse distrikt, meinte han) runda vokal i bunden form (/au/, /ei/, /eⁱ/, /ou/, /u/, /o/, av *-an*, *-on-*, *-in*), kjem av lang vokal, forlengd i samband med nasaleringa og bortfallet av *-n* i slike bøyingsformer.

Desse resultatata meiner vi inneber at samhøvet mellom lengd og trykk i stilling som normalt er trykklett, bør drøftast på nytt. Kan ein «trykklett» vokal som er lang, reknast som trykklett? Dette vil vi ta opp i ein annan artikkel.

Takk til Trond Trosterud og Sverre Stausland for kommentarar til utkast, og til dei som kommenterte føredraget vårt på Møte om norsk språk 23.11.2017 og dei som deltok i drøftinga av manuskriptet på Academia.edu i vekene etterpå.

Nemnd litteratur

- Beddor, P. (1993). Perception of nasal vowels. I M. K. Huffman og R. Krakow (Red.): *Phonetics and Phonology: Nasals, Nasalization and the Velum* (s. 171–196). Academic Press, Inc.
- Berg, I. (2018). Geografisk og sosial variasjon. 1 Tida fram til 1600. I B. Mæhlum (Red.): *Norsk språkhistorie. Praksis* (s. 165–90). Novus.
- Bye, P. (2011). Mapping Innovations in North Germanic with GIS. I J. B. Johannessen (Red.): *Language Variation Infrastructure* (s. 5–29). University of Oslo.
- Christiansen, H. (1948). *Norske dialekter 3. De viktigste målmerker og deres råderom*. Tanum-Norli.
- Christiansen, H. (1951). Fra *-o* til *-a* i nordnorsk hunkjønnsbøyning. *Maal og Minne*, 56–63.
- Christiansen, H. (1962). Fra *-å* til *-a* i nordnorsk bøyningssystem. *Maal og Minne*, 144–48.
- Delattre, P. & Monnot, M. (1968). The role of duration in the identification of french nasal vowels. *International Review of Applied Linguistics*, 267–88.

- Frøyset, I. (1971). Gamalnorsk stutt vokal føre ð i setesdalsmålet. I H. Magerøy og K. Venås (Red.): *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking. Heidersskrift til Olav T. Beito* (s. 83–91). Universitetsforlaget.
- Geijer, H. & Holmkvist, E. (1929). Några drag ur Västmanlands språkgeografi. *Svenska Landsmål og Svenskt Folkliv*, 1–26.
- Hagland, J. R. (2013). Gammalislandsk og gammalnorsk språk. I O. E. Haugen (Red.): *Handbok i norrøn filologi* (s. 600–38). Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Hajek, J. (1997). *Universals of Sound Change in Nasalization*. Blackwell.
- Hannaas, T. (1921). Sætesdals-målet. I H. Aall m. fl. (Red.): *Norske bygder 1. Setesdalen* (s. 22–29). Cammermeyer.
- Heide, E. (2010). Tjukk l – Retroflektert tydeleggjering av kort kvantitet. Om kvalitetskløyvinga av det gamle kvantitetssystemet. *Maal og Minne*, 3–44.
- Heide, E. (2012). Syntaksavhengig *a*-infinitiv i eldre nordnorsk. *Maal og Minne*, 110–20.
- Heide, E. (2013). Tidleg dialektkontakt i Nord-Noreg. *Maal og Minne*, 69–83.
- Hesselman, B. (1948). *Huvudlinjer i nordisk språkhistoria*. Almqvist och Wiksell.
- Hewson, J. (1972). *Article and Noun in English*. Mouton.
- Hreinn Benediktsson (1972). *The first grammatical treatise. Introduction, text, notes, translation, vocabulary, facsimiles*. University of Iceland.
- Kristján Árnason (2011). *The Phonology of Icelandic and Faroese*. Oxford University Press.
- Kristoffersen, G. (2000). *The phonology of Norwegian*. Oxford University Press.
- Kristoffersen, G. & Torp, A. (2016). Fonologi. I H. Sandøy (Red.): *Mønster. Norsk språkhistorie I* (s. 101–211). Novus.
- Larsen, A. B. (1886). Oversigt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold. *Det kongelige norske Videnskabers Selskabs Skrifter*, 37–117.
- Larsen, A. B. (1890–91). *Indberetning fra adjunkt Amund B. Larsen om reiser foretagne med offentlig stipendium i årene 1888–90 for at studere bygdemålene i Kristiansands stift*. Universitets- og skole-annaler. N.r. Aarg. 5(1890), 6(1891). Aargang 5 (1890), Aargang 6 (1891). Christiania.
- Larsen, A. B. (1897). *Oversigt over de norske bygdemaal*. Aschehoug.
- Larsen, A. B. (1913). *Om vokalharmoni, vokalbalangse og vokaltiljævning i de norske bygdemaal*. Kristiania Videnskapsselskap.
- Larsen, A. B. (1915). Vokalforlængelser i de norske bygdemaal. II. Gammel vokalforlængelse med nasalering. *Maal og Minne*, 154–166.

- Larsen, A. B. (1926). *Sognemålene*. I kommisjon hos Dybwad.
- Modéer, I. (1946). *Studier över slutartikeln i starka femininaer*. Uppsala universitet.
- Målføresynopsen, Aust-Agder* (1935–56). Originalprotokollen, ved Spesialsamlingane, Universitetsbiblioteket i Bergen.
- Målføresynopsen, Vest-Telemark* (1935–78). Originalprotokollen, ved Spesialsamlingane, Universitetsbiblioteket i Bergen.
- Noreen, A. (1923). *Altisländische und altnorwegische Grammatik*. Niemeyer.
- Pope, M. K. (1934). *From Latin to Modern French with Especial Consideration of Anglo-Norman. Phonology and Morphology*. Manchester University Press.
- Riad, T. (1992). *Structures in Germanic prosody. A diachronic study with special reference to the Nordic languages*. University of Stockholm.
- Riksheim, V. (1921). *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn)*. Aschehoug.
- Ross, H. (1906). *Norske Bygdemaal II. Vest-Telemaal*. I kommission hos Dybwad.
- Ross, H. (1908). *Norske Bygdemaal. VII. Foldamaal. VIII. Oustfjellmaal. XI. Trøndemaal. X. Fosnmaal. XI. Norlandsmaal VII–XI*. I kommission hos Dybwad.
- Ross, H. (1909). *Norske Bygdemaal. XII. Fyrdemaal. XIII. Oust-Egdemaal. XIV. Vest-Egdemaal. XV. Rygemaal. XVI–XVII. Hordemaal XII–XVII*. Dybwad.
- Røset, I. (1999). *Selbumålet. Ord og uttrykk*. Novus.
- Sampson, R. (2000). *Nasal Vowel Evolution in Romance*. Oxford University Press.
- Sandøy, H. (1987). *Norsk dialektkunnskap*. Novus.
- Seip, D. A. (1947). Artikkelvokalen i sterke femininaer. *Maal og Minne*, 128–136.
- Skjekkeland, M. (1997). *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Høyskoleforlaget.
- Skomedal, T. (1971). Vokalsystemet i Sætedalsmålet. I H. Magerøy og K. Venås (Red.): *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking* (s. 291–306). Universitetsforlaget.
- Skulerud, O. (1918). *Telemaalet i umriss. Ei utsyn yver maalsoga og maalgeografin i Telemark, serleg med umsyn paa Tinn*. Norli.
- Særheim, I. (1998). Ei dialektgrense i Nordvest-Rogaland. *Årbok for Karmsund*, 184–197.
- Vidsteen, C. (1885). *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Giertsen.

- Vigeland, B. (1981). *Dialekter i Norge. Målmerker med språkhistoriske forklaringer*. Universitetsforlaget.
- Whalen, D. H. & Beddor, P. (1989). Connection between nasality and vowel duration and height: Elucidation of the eastern algonquian intrusive nasal. *Language*, 457–86.

Abstract

This article documents distinctive quantity in vowels in word final position, in what is usually referred to as unstressed syllables, as in /²tanga/ : /²tanga:/ (<*tangar*, *tanganum*). This exists in Setesdal today. A few generations ago, it was also a feature in parts of Telemark and a large area of central Sweden. We argue that this strengthens Larsen's theory that morphemes with diphthongs and rounded vowels in definite forms (/au/, /ei/, /eⁱ/, /ou/, /u/, /o/, from *-an*, *-on-*, *-in*) come from long vowels that were lengthened in connection with nasalization and loss of final *-n*. We also discuss the order of nasalization, loss of *n*, and likely lengthening in Middle Norwegian. In contrast to earlier research, we do not suggest lengthening as an alternative to nasalization. Nasalization makes vowels longer, so nasalization before and during loss of final *n* would have made vowels longer. Loss of *n* may also have been a lengthening process.

Keywords:

Eldar Heide
Professor i norsk
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen.
eldar.heide@hvl.no

Joakim Vea
Master i lingvistikk
Uavhengig forskar
10282 Rutland Round Rd #2
Columbia, MD 21044
USA
joakim.vea@gmail.com